



Stryn 16.12.2019

Til alle påmeldte lag:

Tusen takk for foreløpig påmelding.

Det er kjekt at så mange har planer om å ta turen til Fagre Stryn i april, og vi gler oss til å ta imot turnfamilien i Sogn og Fjordane.

Her kjem vi med litt praktisk informasjon i forbindelse med stemnet.

Oppmøte:

Stemnet startar med defilering gjennom Stryn sentrum laurdag kl. 11:30.

Alle lag bør beregne ankomst i god tid før dette.

Oppstilling til defilering er seinast kl 11:15.

Stemnearena:

All oppvisning/show vil føregå i Strynehallen. Utanfor Strynehallen blir der sett opp to store telt.

Der vil vi ha underholdning, diskotek, aktivitetsområde og kafeområde. Parkering vil være innafor gangavstand.

Stemnekontoret vil være på Stryn Vidaregåande skule, rett over vegen for Strynehallen. Vi skal sørge for god merking før ankomst.

Alle laga møter på stemnekontoret ved ankomst for registrering, informasjon og utdeling av materiell.

Stemnekontoret er opent frå kl 09:30 på laurdag.

Overnatting:

Alle turnarar og leiarar vil kunne overnatte på skuler i Stryn.

Oversikt over kvar dei forskjellige laga skal overnatte vil vi opplyse om etter kvart som vi har fått endelig påmelding.

For andre tilreisande som ikkje skal overnatte på skule, så anbefaler vi:

Stryn Hotel: <https://facingfjords.com/>

Måltid:

Middag blir servert laurdag etter oppvisingsslutt på Stryn Vidaregåande skule.

Frokost blir servert på same stad søndag morgon.

Informasjon om eventuelle allergiar må opplysast om i påmeldingsskjemaet.

Defilering:

Defileringen vil som tidlegare nemnt føregå i Stryn sentrum.

Vi startar ved Strynehallen kl 11:30, oppstilling seinast kl 11:15.

Vi defilerar frå Strynehallen og gjennom Stryn sentrum. Vi ventar litt på godkjenning av politiet, så sjølve ruta informerer vi om seinare.

Merk at laga må sørge for å kome seg på plass sjølve tidsnok.

Bærarar for skilt tar vi oss av.

Defileringsrekkefølgen vil vi opplyse om etter kvart som vi har fått endelig påmelding.

Oppvisning/Utstyr:

Utstyret til oppvisning/show blir plassert som vist på vedlagt kart.

Denne plasseringa vil bli ståande gjennom heile stemnet og det vil ikkje bli mogleg å rigge om mellom oppvisningane/laga.

Laga må derfor planlegge oppvisning/showet sitt ut i frå dette oppsettet.

Som vi skreiv i den første foreløpig påmelding, så blei vi utfordra av kretsen til å tenkje nytt ang gjennomføring av oppvisning. Dette for å redusere oppvisningstida og gjere det meir publikumsvenleg. Stryn Turn har difor bestemt at vi vil ha oppvisningar med ulike tema, der alle aldrar frå same lag/turngruppe skal vere på golvet samtidig og ha ei felles oppvisning. Alle lag må difor sy saman eit program innafor eit tema der turnarane framleis skal vise kva dei kan gjennom turn, tumbling, apparatturn, dans etc.

Stryn Turn har valgt å vere piratar/sjørøvarar. Vi blir vel om lag 200 turnarar på golvet. Sjølv om alle er på golvet samtidig, så må vi tilpasse showet slik at nokon turnar, mens andre dansar bak kulissane.

Vi vil ha oppvisningar både laurdag og søndag.

Turntid til kvart enkelt lag kjem like over jul 😊

Program:

Fullstendig program for stemnet vil bli sendt ut etter at bindande påmelding er registrert.

Medaljeutdeling:

Medaljeutdeling vil føregå på den måten at vi samlar alle som skal ha bronse og delar ut til alle dei til eit gitt klokkeslett i løpet av stemnet. Dei same vil bli gjort med alle medaljevalørar.

Informasjon om tid for utdeling vil kome i programmet som blir satt opp når vi har motatt påmelding frå alle lag.

Musikk:

Ta med eigen musikk.

Musikken skal være merka og innlevert til speaker i god tid før oppvisning/show. Avspeling frå telefon kan nyttast hvis eigar av telefon er til stades hos lydansvarlig under oppvisning/show.

Prisar og betaling:

| | |
|--|-----------|
| Heile stemnet (inkl. overnatting, to måltider og medalje) | kr. 500,- |
| Stemnet med kun middag og medalje (utan overnatting og frukost) | kr. 300,- |
| Voksne og lagleiarar (overnatting og måltid) | kr. 300,- |
| Voksne/leiarar som berre vil ha middag (må førehandbestillast ved påmelding) | kr. 150,- |

Faktura for stemneavgift blir sendt ut til laga fortløpande etter registrert påmelding.

Aktiviteter og underholdning:

Det blir lagt opp til fleire aktivitetstilbud under stemnet. Dette er under planlegging og mer informasjon vil kome seinare.

Det vil bli underholdning og diskotek på laurdag etter middagen.

Kontaktinformasjon:

Påmelding og andre henvendingar: [lena@flx1.no](mailto:lana@flx1.no)

Kontaktperson: Lena Sandbakk Kjøsnes, tlf. 901 56 525,

Webside: www.barneturnstemne.no

Facebook: Stryn BTS 2020

Vidare informasjon:

All praktisk informasjon blir fortløpande lagt ut på websida.

Lagleiarar, trenarar, foreldre og turnarar kan finne informasjon der.

Påmeldingsskjema for bindande påmelding ligger vedlagt.

Eitt skjema for deltakaropplysningar.

Eitt skjema for registrering av tropper/utstyrsbehov.

Eitt skjema for samla opplysningar for laget.

Vi ber om at disse 3 skjemaene blir fylt ut etter anvisning og returnert i same filformat innan 10. februar 2020.

Frist for bindande påmelding: 10. februar 2020.

Endelig program for stemnet blir sendt ut når bindande påmelding er registrert og vi veit kor mange deltakarar/troppar som skal vere med.

Facebooksida vår vil vi bruke til å gje informasjon, motivasjon og vise kva vi jobbar med fram mot stemnet. Vi håpar De informerar vidare til alle om denne sida, slik at vi kan bli litt kjent i forkant av stemnet.

Send oss gjerne bilder/filmsnutt av ditt lag, så deler vi det med alle i turnfamilien 😊

Velkomen til barneturnstemne 2020!

Stryn Turn vil ynskje alle ei riktig god jul!

For Stryn Turn

Lena Sandbakk Kjøsnes.